

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

20. søndag i treeiningstida – 18.oktober 2020

Prekentekest: Joh. 11,1-5

Lesetekst I: 1 .Sam. 18,1-4

Lesetekst II: Hebr. 13,1-3

VENSKAP OG VELSIGNING

Til dagen og tekstane

Tekstane denne søndag har fokus på dei nære nettverka Gud har sett oss i, som til dømes familien. I første rekkje, som vi no har tekstane frå, er dette med venskapet og velsigninga i det hovudtema.

GT- teksten er om venskapet som veks fram mellom David og Jonathan, Saul sin eldste son. Det står om Jonathan at han «fekk David kjær som sitt eige liv». Han vert skildra med ein framifrå edel karakter. Fleire gonger verna han David mot den sjuke Saul sine forfølgjarar. Han såg brista til far sin, og hans handlemåte, og dei gode handlingane hans og venskapen med David førte til velsigning, ikkje berre i familien, men for eit heilt folk. I sanning perspektivrikt!

NT- leseteksten fører vidare velsigningstemaet, ved å halde søskenkjærleiken og gjestfridomen levande. Der ligg og ei oppppmoding om å hugse dei som sit i fengsel og er mishandla. Går vi inn på nettsidene til Stefanusalliansen og Åpne dører til dømes, kan vi få mange påminningar, som er aktuelle i dag.

Preiketeksten i Joh 11,1-5 er frå opningsversa om då Jesus vekte opp Lasarus frå dei døde. 17.søndag i treeiningstida har sjølv oppvekkjinga som tema. Denne søndagen er tema venene hans i Betania som søkte hjelp hos han og kor glade dei var i han. Der budde Marta og Maria, og broren Lasarus. Denne vesle landsbyen på østsida av Oljeberget ligg vel 2 km frå Jerusalem, på veg til Jeriko. Her var Jesus ofte, og difor har og mange kyrkjelydar fått sitt namn etter denne staden. Tanken på velsigninga i Jesu nærvær er sentral. Mange av oss som skriv og er innom på denne nettstaden har minne frå besøk i Israel, også til Betania. På heimekontoret mitt har eg eit bilete frå den første kyrkjelydsturen eg var med på som reiseleiar i 1988. Vi var ei gruppe på 38 frå Sogn, og det var teke eit gruppebilete nett i Betania, der vi las frå Joh 11, om Jesus og venene hans der. No er det mange som ikkje er mellom oss lengre av dei som var med. Det er godt å tenke tilbake på dei mange gode tilbakemeldingar om venskap og gode opplevingar som vart knytta på denne turen, og dei minne for livet som den gav.

Venskap med Jesus i liv og død:

Dei tre søskena i Betania stod altså nær Jesus alle saman: Marta, den energiske og travle. Maria, den meir innadvendte og lyttande, er dei vi oftast møter. Når broren Lasarus, som vi har høyrte mindre om, vert sjuk, er det naturleg å sende bod på Jesus. Han veit vi ikkje så mykje om, anna enn at han og stod Jesus nær. Som kjent skil dei synoptiske evangelia seg mykje i høve til Johannesevangeliet. Det set fokus på nokre tema, gjerne med under som bakgrunn, og viser oss sentrale sider ved Jesu liv og virke.

Her i Johannes kap.11 er det sterkt fokus på at Jesus er Livet, med stor L. På søstrene si bøn om hjelp er Jesus sitt svar: «denne sjukdomen fører ikkje til døden. Nei, han er til Guds ære; han skal herleggjera Guds Son.» (v. 4). Jesus gjer eit under hos venene sine i Betania; Lasarus blir vekt opp frå dei døde, eit under det står om berre nokre få gonger i NT. Johannes får fram i sitt evangelium at ikkje lenge etter kjem det planar om å ta livet av Jesus (11.45 ff). Venskapet med Jesus får sine konsekvensar, men for alltid står denne forteljinga som ei rik påminning om «Hvilken venn vi har i Jesus», både i liv og i død. «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som lever og trur på meg skal i all æva ikkje døy». (11.25-26a)

Denne søndagen vert vi minna på venskapet si velsigning, og det kan vere tilrådeleg å bruke alle dei tre tekstane som tema. Så vert vi minna om den ekstra dimensjonen eit venskap har, når ein får sende bod på Jesus: «Bedre venn kan ingen finne enn Guds egen kjære Sønn. Bær i gleden som i sorgen alle ting til ham i bønn.» (NoS 343.3)

Audun Systad

sokneprest i Hyllestad

audun.systad@hyllestad.kyrkja.no